

PRESSEMELDING FRÅ MUSEA I SOGN OG FJORDANE:

No opnar Norsk Reiselivsmuseum i Balestrand

Fredag 29. april opnar endeleg Norsk Reiselivsmuseum i Balestrand sitt spektakulære nybygg, skore ut i grunnfjellet. Avdelingsleiar på Norsk Reiselivsmuseum Connie Reksten er glad for at ein får opne Norsk Reiselivsmuseum no, slik at ein er klar til den forventa gode turistsesongen.

Bygget – eit museum verdig

Norsk Reiselivsmuseum, i turistbygda Balestrand er landets einaste spesialmuseum for reiseliv og turisme. Norsk Reiselivsmuseum er ei avdeling av De Heibergske Samlinger- Sogn Folkemuseum. Bygget er naturleg plassert i fjord og fjell landskapet. Museet er bygt vegg i vegg med det klassiske Kviknes Hotell. Det er forventningar til at dette skal gje ringverknader både i Balestrand og regionen elles.

Nybygget er i seg sjølv eit signalbygg. Det er teikna av arkitektfirma Askim og Lantto AS. Hovudideen for det nye reiselivsmuseet er å nytte fjellet aktivt i museet sin arkitektur, og bygget er saga inn i fjellet, noko som gjer bygget til ein attraksjon i seg sjølv. Dette har gjeve spesielle utstillingslokale, med store estetiske kvalitetar. Desse kvalitetane har ein prøvd å ta vare på i konstruksjon av utstillingane, kor det er også ein omfattande bruk av digital teknologi.

Utstillingane

Hovudutstillinga er "Reiseliv i Norge". I tillegg er det ei utstilling om Balestrand og korleis det unike bygget fann sin plass i ein bergknaus i Holmen. Dei fyrste tre åra skal Nasjonale Turistvegar disponera museet sitt areal for skiftande utstillingar, der dei har laga ei visuell og verknadsfull utstilling.

Sjølve opninga vil vere todelt; på dagtid vert det ein offisiell del med inviterte gjester, kor byggherren Statsbygg skal overrekke nøkkelen til Musea i Sogn og Fjordane, som er brukar av bygget. Det er statssekretær Himanshu Gulati frå Kulturdepartementet som står for den offisielle opninga av museet. *På programmet er det og ulike kulturinnslag av talent frå Sogn og Fjordane, seie Connie Reksten.*

Frå kl. 18.00 på kvelden er det ope museum, med gratis inngang for alle som gler seg til å ta ein titt på det det flotte bygget alle snakkar om. Ordførar Harald Offerdal vil ynskje velkomen, og det vert varierte kulturinnslag. Alle som er nysgjerrige på bygget og utstillingane er velkomne til å delta. *Vi gler oss til å opne dørene for publikum den 29. april, og ynskje alle velkomne seie avdelingsleiar Connie Reksten.*

Kontaktperson: Avdelingsleiar Norsk Reiselivsmuseum Connie Reksten 400 29 512